

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 1 | mars 2019 | 22. årgang



Neste blad kjem i juni

Etter planen blir neste utgåve av Seterbrukaren sendt ut i juni. For ord og bilete til bladet er fristen 20. mai. Bruk gjerne bladet til å presentere stølsarrangement!

20 års innsats for seterdrifta

Det er i desse dagar 20 år sidan organisasjonen Norsk seterkultur vart starta. Ingen høg alder, men likevel verdt ei markering. I dette bladet har vi difor eit lite tilbakeblikk i ord og bilete, men inga organisasjonshistorie – berre nokre glimt frå noko av det som har skjedd sidan eit toårig prosjekt førte til starten av Norsk seterkultur i 1999.

Vi ventar framleis

på endeleg avgjerd om beskytta betegnelse for setersmør! Arbeidet med dette har kravd innsats og teke tid, men det er eit håp om at godkjenninga kjem snart og at lanseringa kan skje før sommaren 2019.



Styret:

Hans Bondal, leiar
hans.bondal@gmail.com
Tlf. 90969518
Sollivegen 862
2477 Sollia

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa,
tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Styremedlemmer

Per Sæther
6631 Batnfjordsøra
tlf. 71 29 01 81\93 67 35 69
pesetra@gmail.com

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbrukssamvirket)

Tori Snerte
Torsetvegen 323,
3560 Hemsedal,
tsnerte@online.no
Tlf. 975 24 942

Varamedlemmer

Nils Drabløs
Tlf. 909 89 109
nils-dr@online.no
Vallavegen 31
6220 Straumgjerde

Bjørn Karsten Ulberg
3358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639
2940 Heggenes
Tlf. 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

Telefon 948 23 687/70 25 91 77
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: SveinLøken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.

Framsida: Paul Einar Sæther på Åndalsetra i Gjernes.
Foto: Aksel Sæther.

Norsk seterkultur trengst!

➤ Norsk seterkultur byr inn til jubileumsfeiring i Aurland første helga i april. 20 år er ikkje så lang tid, men likevel verdt ei skikkeleg markering. Da NSK vart stifta 20. mars 1999 var det første gongen seterdrifta vart organisert og fekk eit tydeleg talerøyr. Ja, når vi ser attende på kva NSK har stått for, så er det ingen tvil om at ein trass små økonomiske ressursar har lukkast med mange av dei måla ein sette seg for 20 år sidan. Gjennom politisk innsats overfor sentrale og regionale styremakter, påverknadsarbeid og samarbeid med ei rad organisasjonar og institusjonar og aktiv medieinnsats har ein synleggjort dei store verdiane seterdrifta og seterkulturen representerer. Ikkje minst har NSK spela ein viktig rolle i å sikre tilskot til setring og midlar til investeringar på stølar rundt om i landet. Som fagleg nettverk og inspirator har NSK gjeve mange seterbrukarar ny kveik til å halde fram drifta og andre til å ta opp att drifta på nedlagte stølar.

➤ Men trass innsatsen frå NSK og andre gode krefter har talet på setre i aktiv drift gått kraftig attende, mest på grunn av den generelle utviklinga i landbruket. Det er dei "små og mellomstore" bruka som framleis fører buskapen til seters og som er avhengige av setra. Men med stadig vanskelegare vilkåra for desse bruka har mange vorte lagt ned, med det sjølsagte resultatet at seterdrifta også er lagt ned. I 2018 var det godt under 1000 setre i drift, ein situasjon som er alarmerande! Men situasjonen kunne vore verre, om ikkje NSK og nærskylde gode krefter har stått på!

➤ Norsk seterkultur har sagt frå i mange fora, åtvare mot denne negative utviklinga og kva vi som samfunn kan risikere å misse. Såleis har organisasjonen vore ein kamporganisasjon, men ikkje ved berre å peike på det negative, heller å løfte fram det positive, mulegheitene – presentere dei gode eksempla. Dette har gjennomsyra snart åtti utgåver av Seterbrukaren, på www.seterkultur.no og facebook, i avisinnlegg, reportasjar i alle medier – og på seminar og konferansar som NSK har arrangert sjølv eller i samarbeid med andre.

➤ Kvart år kjem det ut bøker, lokale og regionale, om seterdrifta - eit tegn på kor viktig denne driftsforma har vore og kor mykje både historia og setrene i dag betyr for folk. I alt mange tusen sider! Bøkene illustrerer kor viktig stølane var og kor mykje seterdrifta sette preg på kvardagen i bygdene – frå tidleg sommar til godt utpå hausten. Denne enorme aktiviteten i fjell og utmark skapte eit landskap, med kulturelle og biologiske verdiar, som vi framleis kan hauste av både i matproduksjon, friluftsliv, turisme – og som del av ei berekraftig framtid. Og bøkene er ikkje berre mimring, dei fortel om setre som framleis er i drift, om setre som har fått ny aktivitet – og at seterkulturen framleis sitt i ryggmargen vår!

Jostein Sande

20-årsjubileum og årsmøte i Aurland

Årsmøtet og fagsamlinga i Norsk seterkultur blir i år prega av at det er 20 år sidan organisasjonen vart starta. Jubileumsarrangementet er lagt til Aurland i Sogn, der den faglege delen **laurdag 6. april** startar på Sogn Jord- og Hagebruksskule. Det blir informasjon om skulen, omvising og eit innslag ved ein ung stølsbrukar som har gått på skulen. Etter opplegget på skulen blir det utferd til Undredal, med omvising på Undredal stølsysteri, kåseri i Eldhuset visingscenter, besøk i Undredalsbui og smaksprøver. Om ettermiddagen blir det samling på Fretheim Hotel i Flåm, med foredrag, paneldebatt og foto- og bokutstilling. Om kvelden blir det jubileumsfest, med festmiddag, film, kåseri, helsingar og utdeling av Seterprisen 2019.

Søndag 7. april kl. 09.00 er det årsmøte i Norsk seterkultur.

For program og info: sjå www.seterkultur.no eller kontakt: ks@valdres.no eller tlf. 99 00 95 84.





Det er dokumentert svært store beiteressursar i seterområda, ikkje minst i Nord-Østerdalen. Spellmovollen ligg i finaste bjørkelia i Vangrøftdalen i Os. Foto: Yngve Rekdal, NIBIO.

Seterdrifta er raudlista som utryddingstruga

Innspel frå Norsk seterkultur til Alliansen ny landbrukspolitikk si seterpolitiske melding.

Reknar med at alle som les dette har sett krasafarne stølshus og attgroande beitelandskap. Kva slag tankar gjer vi oss når vi ser forfallet? Er det ei naudsynt utvikling, eit uunngåeleg tap? Eller symptom på politisk vanstyre og kortsiktige løysingar? Og korleis samsvarer dette med det grøne skiftet?

Korleis starta det heile?

La oss spole litt tilbake; for om lag 5000 år sidan kom dei første husdyrbrukarane til det som no er Noreg. Etter desse finn vi pollen og helleristningar (skålgroper) i seterområde. Når seterdrifta starta slik vi kjenner den i dag er uvisst, men seterdrift er nemnd allereie i Gulatingslova. Setra vart lagt der det var gode beite og vasstilgang. Mange setre forsvann etter Svartedauden i 1347, men tok seg opp att på 1600-talet då vi vart fleire. Flest var det kring 1850, og med vår- og hauststølar var det truleg opp mot 100000 stølar i drift. I 2018 var talet under 900. Dyrbare areal i Noreg er få, men beiteressursane i fjellet er rikelege. Fram til dei siste ti-åra har setrane vore avgjerande for fjell-landbruket. I dag er vi vande med å sjå dyr på beite innanfor gjerdene. Den gongen skulle gjerdet halde dyra utanfor. Areal kring garden var til åkerbruk og vinterfôr. Gras vart slått der det var mogleg. Opp etter liene låg heimstølane, slik at dyra kunne flytte oppover etter gras. Utpå sumaren var det buferd til fjellsetra, eller langstølen, der dei vart verande til hausten kom og frosten dreiv dei heim. Også her vart

det slått. Der setra låg for langt unna til å køyre vinterfôret heim, vart dyra verande til tørrfôret var ete opp, ofte ikkje før juletider.

Effektivisering og økonomisk vekst

Etter 1850 byrja industrialiseringa, og i 1856 kom det fyrste andelsmeieriet. Frå 1870 vart gards- og setersmør samla i smørlag/foreningar, og i 1881 vart småsamvirka samla i Den Norske Meieriforening og seinare til Fellesmeieriet. No vart mjølka henta av mjølkebilen, og setrar utan bilveg vart avvikla. Vi fekk kunstgjødsele, traktorar, nye reiskap og fossilt brensel. Vi fekk også ein ny type ku, Norsk raudt fe, som kan produsere mykje meir mjølk berre ho får nok kraftfôr. På jordbruksskulen lærde vi at det gav best økonomi om ho sto inne heile året. Tiåra etter krigen var prega at effektivisering og økonomisk vekst. Gevinsten var størst hos dei store og lett drivne bruka, og mange småbruk fall frå. Seterdrift er ofte knytt til mindre bruk, og når desse fell bort, forsvinn også setra. Norsk seterkultur ser derfor med stor uro på avviklinga av norske mjølkebruk. Beitelandskapet slit med forfall og attgroing, og vi har eit investerings- etterslep for seterbygga på om lag 20 år.

Nye tendrar

Parallelt med effektiviseringa veks det fram nye forbrukartendrar. Ei aukande gruppe meiner at effektiviseringa i husdyrholdet no har gått for langt. Deler av mjølk og kjøtproduksjon har fått industrielt preg som kan gje assosiasjonar til kjøtfabrikk utan omsyn til individ. For mange verkar dette fråstøytande, og ei aukande gruppe forbrukarar vel bort kjøt som personleg tiltak for klima og dyrevelferd.

Seterbedrifter

I dette perspektivet ser vi eit u-utnytta potensial for mat frå setra. Råvarer frå fjellet har mange av tilleggsverdiene den bevisste forbrukar etterspør, og vi meiner at marknadsregulatorane TINE og NORTURA ikkje tek nok omsyn til dette. Mange seterbrukarar foredlar sjølv med stor auke i meirverdien. Budeiene har alltid visst at ostten hadde ekstra god smak og smøret vart gulare og mjukare på setra. Seinast i 2018 fekk fleire stølsostar internasjonale prisar, og seterbedrifter vert ofte løfta fram som spydspissar i samband med LMD og Innovasjon Noreg si satsing på mat og reiseliv.

Framhald side 11

Alliansen ny landbrukspolitikk med seterpolitisk melding

Den seterpolitiske meldinga skal innehalde ein statusdel, kvar er vi dag? Ressursane, dagens verkemiddel, foredling på setrene og økonomi. Neste steg er å drøfte kva ein vil med seterpolitikken, dei store verdiene som ligg i biologisk mangfald, kulturlandskap, kulturarv og tradisjonar. Formidle kunnskapen om beitebasert jordbruk, verdiskaping basert på lokale og fornybare ressursar, mangfaldig matproduksjon, god dyrevelferd, levande bygder og goder for alle som ferdast i fjell og setermiljø. I eit tredje kapittel vil ein presentere kva som må gjerast, bl.a. at bruk av lokale ressursar må lønne seg, kvalitet må synleggjerast og at investeringsstøtte til stølar ikkje skal krevje produksjonsauke.



Glade ungdommar på setra. Kristian, Hanne Marte med Hildur Marie, Adrianna med Ingrid Aurelia og Paul Einar.

Åndalsetra i Batnfjorden på Nordmøre får nytt liv!

Garden Persetra i Batnfjord på Nordmøre er eit mjølkebruk med kvote på om lag 125.000 liter og 22 kubåsar.

Garden har seter på Åndalssetra og er med i eit fellesbeite på Hoem i Fræna der mjølkekyrne har vore i fire beitemånadar kvar sommar sidan 2004. Fellesbeitet vert drifta med innleigd røktar. Ungdyra har beita rundt Åndalssetra stort sett kontinuerlig sidan den tradisjonelle seterdrifta tok slutt.

Folket

Adrianna Saliwon og Paul Einar Sæther tok over garden i 2017. Da var dei heimkomne frå to-årig agronomkurs ved Sogn Jord og Hagebuksskule og klare for å ta over roret. Ungt pågangsmot og mange gode idear og impulsar frå åra i Aurland, mellom anna frå

skulen si seterdrift på Sinjarheim, er godt grunnlag for å ta opp igjen seterdrifta.

Ny drift på setra

«Vi skal setre med fjordfekyller våre i sommar», var intensjonen våren 2018. Og slik vart det. Adrianna og Paul Einar fekk med seg eit vennepar frå skulen i Aurland, Hanne Marte Vollen og Kristian Wærp, på planlegging. Og den andre veka i juli drog fire ungdommar med to jenter under året og 3 kyr til seters! Og med to kårfolk som ivrige støttespelarar.

For første gong på femti år vart det mjølkekyr på Åndalssetra. Ja, kanskje er det bortimot seksti-sytti år sia det var separatordur å høyre der. I sju veker vart det mjølke og separert, det vart kinna smør og ysta både kvitost og gammalost, snekra båsar, grove etter vatn og mekka på mjølkemaskinmotor. Ein del pendling opp og ned frå garden vart det, men kyrne gjekk på setra og fjøset var

i bruk og fryseboksen vart fylt med gult, blankt, setersmør!

Planane om å ta oppatt setringa har vore der lenge. Ei av målsettingane dei forrige brukarane, Eli og Per Sæther, hadde for gardsdrifta, var å sette i stand seterhusa og kanskje ein gong kunne ta med mjølkekyr opp på setra att. Men istandsetting av jord og bygningar, ombygging frå bås fjøs til lausdrift og alt anna som står på dagsetelen på ein gard, krev sine timar utanom det daglege fjøsstellet og oppfølging av born og familie. Så det tok si tid før seterplanane vart realisert.

Seterprosjekt gav støtte

I ein 5-årsperiode frå 2005 - 2010 var Møre og Romsdal, saman med Oppland og Hedmark, tildelt prosjektmidlar for næringsutvikling på setra. Herifrå fekk ein midler som vart brukt til mjølkeforedlingskurs ved Ressurssenteret for Matnavet Vest i



Perseterstølen på Åndalssetra. Alle foto: Aksel Sæther.



Maja kjem inn på bås.


Aurland. Ein kunne delta på ystekurs i Synnerdalen i Budal og hos Bitten Brennhovd på Grøtestølen i Hemsedal. Ein studietur for å sjå på setring i dei Østerrikske alpane vart også finansiert av dette prosjektet. Det vart også søkt om tilskot frå Kulturminnefondet og SMIL for å sette istand det gamle steinfjøset på setra.

2018 – eit prøveår

Ikkje alt er på plass enda for drifta på Åndalssetra. Men planane for kommande sommar er godt i gong, med mellom anna betre tilrettelegging for mjølkefordring. 2018 var eit prøveår, dei engasjerte drivarane er i gong – og fortel at dei har lært ein masse om kyrne sine, om setra og om seg sjølve denne sommaren. Gler oss allereide til ein ny sommar på setra, er meldinga frå dei nyslegne seterbrukaren i Batnfjorden på Nordmøre.



Paul Einar startar mjølkemaskina.



Stadig nye seterbøker

Også i 2018 kom det ut minst ei handfull seterbøker. Ei av desse er boka "Livet på setra – Historien om seterdriften i Nordre Land". Forfattar er Kåre Kompelien, som i forordet skriv m.a. følgjande: "Vi lever i en tid der seterlivet bare er et vagt minne hos de fleste. Heldigvis finnes det fortsatt folk som husker det yrende livet som var på setrene, og som fortsatt kan fortelle om det. Og det de forteller er for det meste rosenrødt; De forteller om slitet og alt strevet som var, men det som har festet seg best i minnet er trivselen og de gode stundene de hadde på setra. Dette forteller også en del om vår tid; Med det gjennomstrukturerede samfunnet vi lever i, kan slike minner aldri oppstå. Tempoet og stresset i hverdagen gir ikke rom for slike refleksjoner og minneverdige stunder som man hadde på setra i tidligere tider".

– Kåre Kompelien skriv at oppgåva med å skrive bok om setringa i Nordre Land til tider virka uoverkommeleg, det å skrive om nær 200 setre spreidd over heile kommunen! Ein del setre er det ikkje stort meir enn namnet igjen av, så derfor har det ikkje vore muleg å skrive like mykje om alle setrene.

Meir enn 60 personar har vore intervjuva, for å få historier og faktaopplysningar. Boka er på over 330 sider, og gir eit grundig og levande bilde av kor viktig seterdrifta har vore i grendene og bygdene i Nordre Land. Kompelien har hatt i tankane at stoffet skulle vera tilgjengeleg også for den yngre garde, dagens ungdom, og han har lykkast med å skrive ei levande seterhistorie. Boka er siste fase i eit omfattande registreringsarbeid som starta i 2005 i regi av Nordre land kommune. Boka er utgitt av Kompelien Bok & media i samarbeid med Nordre Land kommune.

Eg begynte å arbeide med planar om eit seterprosjekt allereie tidleg på 1990-talet. Med tilskotet til setring som kom i 1989 var seterdrifta for første gong synleg i landbrukspolitikken.

Det var ei tid der idear om satsing på lokal foredling dukka opp, og det var naturleg å tenkje på kva stølane og seterkulturen kunne by på. Dessutan var det ei tid da planar om senter for mangt og mykje kom fram, og dermed var ideen om eit nasjonalt prosjekt for seterkulturen fødd, fortel Åshild Dale.



Vågå 20.mars 1999: Fv. Jorunn Hagen, Tretten, Jostein Sande, Norddal og Marit Hoel, Molde/Sunddal var saman med Anne Ulsaker Bækken, Hemsedal og Ole G. Hertenberg (Landbruks-samvirket) det første styret i Norsk seterkultur.



Åshild Dale hadde ideen og var initiativtakar til prosjektet som førte fram til organiseringa av Norsk seterkultur. Foto: Ole G. Hertenberg.

Allereie i 1991 var eg i sving med å få finansiert eit slikt prosjekt, søknader gjekk til både sentrale og regionale aktørar, og det var sjølsagt også kontakt med organisasjonane i landbruket. Eg hadde sentrale verv og engasjement i landbrukspolitikken den tida, så det låg til rette for å arbeide med dette. Blant anna fekk eg mange nyttige kontaktar i gruppa som Landbruksdepartementet sette i sving for å etablere Norsk Gardsmat, og som ein slags pioner vart det også ymse internasjonale oppdrag – der eg fekk nye kontaktar. Etterkvart dukka det opp større og mindre regionale seterprosjekt, og dermed vart det også ein viss konkurranse om dei offentlege kronene. Enden på dette arbeidet vart i allefall at daverande Statens Landbruksbank peika ut "Prosjekt senter for seterkultur" som det nasjonale prosjektet, eit prosjekt som i utgangspunktet hadde mål om både å utvikle eit kompetansesenter og ein interesseorganisasjon for seterkulturen og seterdrifta. Og i 1997 kom det toårige prosjektet i gang, med eit breitt samansett styre, rådgjevande prosjektgruppe og prosjektleiari. - Forprosjektet kravde mykje, det var omfattande arbeid med å organisere alt dette, men det var mykje entusiasme rundt



Norsk seterkultur var aktivt med på fleire arrangement gjennom Fjellåret 2002. Her NSKs delegasjon på konferansen "Fjellenes kvinner" på Røros: Frå venstre Ingrid Arneng, Marit Hoel, Åshild Dale, Viviane Hoveka og Jostein Sande.

om, og dermed kjekt å få det til, seier Åshild Dale i Norddal, som altså starta den organiseringa som no kan feire 20-årsjubileum.

To års prosjektarbeid

Tor Magnus Hansen frå Vingelen var leiar i styret for prosjektet, vidare var desse med: Torhild Svisdal Mjøen, forsøksringleiar i Oppdal, Karoline Daugstad, forskar /Senter for bygdeforskning, Ole G. Hertenberg, informasjonssjef i Landsbrukssamvirket, Åshild Dale og Jostein Sande, seterbrukarar og initiativtakarar. Tove Lofthus var tilsett som prosjektleiari. I tillegg var det ei prosjektgruppe med representantar frå bl.a. faglaga i landbruket, Norsk Kulturarv, Møreforskning, Norges Bondekvinneforbund, Norsk senter for økologisk landbruk og Møre og Romsdal fylkeskommune.



Styret etter årsmøtet i Vingelen i 2004: Gjermund Stormoen (Tine), Jostein Sande, Sissel Dahle Lie, Kjersti Reksen og Odd Arne Espeland.



Styret i NSK etter årsmøtet i 2006: Geir Grosberg, framfor styremedlemmene Odd Arne Espeland, Stein Brubæk og Oddveig Eggen. Gjermund Stormoen var ikkje tilstades da biletet vart teke.



Interesserte tilhøyrarar: Reidun Skånsar, Anne Lise Søndrol, Trine Lilleslåtten og Bjørg Brataker.

til organisasjon

*Nokre glimt
frå NSK
sine første 20 år.*

Koordinering og samarbeid

I første utgåva av Seterbrukaren i februar 1998 heiter det at setra er i vinden, og det vart vist til krava om dyr på beite, fokuset på økologisk drift, småskala foredling og turisme. "Gamal lærdom, nye stiar". Sentralt i prosjektet var også kvinneperspektivet, "kvinner har i alle tider vore hovudaktørane på setra". Men mykje av seterhistoria har likevel vore skreve av menn, om menn og for menn. Målsettingane om kompetansesenter og interesseorganisasjon flaut på ein måte i hop alt frå starten. "Den konkrete kunnskapen vil alltid vera ute i dei enkelte seter- og fagmiljø", og det blir uttrykt at ein såg for seg eit nettverk for "samsnaking og fagleg utbytte". Heilt frå starten vart Seterbrukaren nytta til å presentere andre stølsprosjekt (lokale, regionale), aktive seterbrukarar, fagartiklar – og å gjera kjent arrangement av interesse og verdi for seterulturen.

I august 1998 var det fagkonferanse på prestegarden i Norddal, der prosjektet hadde kontorstad, med seterbrukarar, forskarar og representantar for bl.a. Tine, Landbruksbanken, Landbrukssamvirket, Næringsmiddeltilsynet og Landbruksdepartementet. Departementet sitt prosjekt Norsk Gardsmat, starta våren 1997, vart presentert, eit konsept som produsentane skulle overta same hausten. Åshild Dale var også med i prosjektstyret for Norsk Gardsmat, så samarbeidet fall naturleg. Same hausten samarbeidde prosjektet med Musea i Nord-Østerdalen om eit seminar på Tynset med fokus bl.a. på setertradisjonar og turisme.

Frå initiativtakarane var det jobba intenst for å få landbrukssamvirket med



Norsk seterkultur var med på demonstrasjonen i Oslo i mai 2012. Frå venstre: Bjørn Karsten Ulberg, Katharina Sparstad, Svein Løken, Nanfrid Røysland, Marit Skjelstad og Odd Arne Espeland.

på laget, og det lukkast - så heilt sidan prosjektperioden har landbrukssamvirket vore representert i styret. I desember 1998 skreiv Ole G. Hertenberg ein engasjert artikkel i Seterbrukaren, der han bl.a. konkluderte med at "aller viktigst er oppbyggingen av interesseorganisasjonen. Uten en sterk organisasjon bestående av både aktive og passive seterbrukere, kommer man ingen vei"! Og det å bygge ein slagkraftig organisasjon er det ein no har dreve med i over 20 år.

Skipa på Klones i Vågå 20. mars 1999

Allereie frå 1998 var det muleg å teikne seg som medlem, men den formelle skipinga av

interesseorganisasjonen Norsk seterkultur (NSK) skjedde først 20. mars 1999. Den tradisjonsrike landbruksskulen Klones i Vågå var arenaen, der deltakarar frå seks fylke samla seg til fagleg påfyll, kulturelle innslag, besøk på garden Valbjør – og altså stiftingsmøte. Vedtekter kom på plass og styre vart valt: Jostein Sande, Norddal, leiar, Jorunn Hagen, Tretten, nestleiar, Marit Hoel, Molde/Sunndal, Anne Ulsaker Bækken, Hemsedal – varamedlemar Pål Aukrust, Os i Østerdalen, Ingrid Arneng, Vestre Slidre, Kari Garmager, Folldal.

Framhald side 10



Frå årsmøte og fagsamling i Sigdal. Bjørn Karsten Ulberg viser rundt i fjøset på Grøset seter.



Frå årsmøtet i 2013, på gardsbesøk hjå Gro Hommo i Vinje i Telemark.



Styret i Norsk seterkultur i 2011: F.v. Marit Skjelstad, Bjørn Karsten Ulberg, Katharina Sparstad, Odd Arne Espeland og Siv Beate Eggen.

Norsk seterkultur i gang med stort prosjekt: UNESCO-status for seterdrifta

Tanken om Unesco-status for seterdrifta ble drøfta i Norsk seterkultur allerede tidlig i organisasjonens virke, og har vært gjentatt med jamne mellomrom. Nå er det klar melding fra organisasjonen om at en vil gå videre med dette, i første omgang med et forprosjekt med start i vår. For å synliggjøre hva det her er snakk om presenterer vi her litt fra prosjektplanen som er under arbeid.

Norsk seterkultur har som formål å ta vare på seterkulturen i et langsiktig perspektiv. Dette er avhengig av aktivt seterbruk basert på tradisjonell - og ny kunnskap. Med seterkultur forstår organisasjonen både natur, kultur og næring knytta til utmarksområda som en del av høstingskulturen. Seterdrift var fram til 2. verdenskrig en forutsetning for drift på mange gardar. Mange hadde vår- og høststøl i tillegg til langstøl inne i fjellet. Langvarig, kontinuerlig beiting og vedhogging har skapt et helt spesielt kulturlandskap knytta til de naturgitte forutsetningene på stølene. Beiting har holdt landskapet lysåpent, og mange arter har tilpassa seg og bruker beitemulighetene til sin fordel.

Verdifulle kvaliteter

De rike fjellbeitene gir ekstra kvalitet på melk- og kjøttprodukter, dette er godt dokumentert både i Norge og Alpene. Dette sammen med gunstig klima for melkeforedling gjorde at største delen av vinterforrådet ble produsert i fjellet. Her ligger mye kunnskap og kompetanse om både melkestell, foredling, dyrestell, dyr og natur, naturen

i seg selv, ressursbruk, redskap- og materialforståelse, tradisjon, musikk med mer. Hvert redskap hadde en viktig oppgave og ble utformet etter funksjonalitet. Utstyr som brukes til melk må tåle mye temperatur og spenn mellom tørt og vått. Mye utstyr er dekorert, og en del av dekoren kan ha beskyttende symboler og ornamentikk

Historie og bølgedaler

Seterdrifta går langt tilbake i tid, omfanget av seterdrifta har gått i bølger. Høydepunktet var kanskje rundt 1850, og på det meste var minst 70000 setre i drift. I 1939 var tallet kommet ned i vel 30000, i 1969 vel 6000, og i 2018 er det ikke registrert mer enn knapt 900 setre i drift. Dette er svært dramatisk. Med setrene forsvinner veldig mye kunnskap om hvordan vi har levd og høstet i fjellet i hundre tusenvis av år.

Status og virkemidler

De fleste fylker har ulike virkemidler for å fremme seterdrift. Virkemidlene har vært vektlagt ulikt i fylkene. Setertilskuddene har vært finansiert gjennom Regionalt miljøprogram (RMP), der fylkevis utvalg har bestemt satser og vilkår. Fra 2019 skal alle setre få samme grunnsom på kr 50000,-, uavhengig av hvilket fylke de ligger i. Enkelte fylker har vektlagt tradisjon med ekstra tilskudd for egen foredling og åpen støl. Dette ser ut til å ha positiv effekt. Alle virkemidlene er tilknytta landbruk. Selv om seterdrift har utgangspunkt i matproduksjon, er det likevel tilknyttet både kultur, kulturminner og miljøverdier til seterdrifta. Artsmangfoldet i kulturbeitemarket er


godt dokumentert i de fleste kommuner. Når det gjelder kultur og kulturminner er det gjort lite systematisk arbeid. Verdien av kunnskap om naturen og universet, mattradisjoner, muntlige tradisjoner og uttrykk og tradisjonelt håndverk er fremdeles bare kartlagt gjennom tilfeldige oppgaver. Det er derfor nå på høy tid å løfte fram disse perspektivene knytta til seterkulturen.

Forankring og mandat

Styret i Norsk seterkultur har vedtatt at organisasjonen skal arbeide for en UNESCO-status. Saka ble videre behandlet på årsmøtet i 2018. Arbeidet er foreløpig politisk forankra gjennom dialog med Fjellnettverket som er en sammenslutning av fjellkommunene i Norge. Fjellnettverket er en del av Euromontana som arbeider med lokalsamfunnsutvikling i fjellregionene.

Involvering

UNESCO Søknaden krever at en definerer «community involvement» og kulturelle ringvirkninger. I søknaden må det også framgå i hvilken grad prosessen er forankra hos seterbrukerne. Dette skal prioriteres på årsmøter, deltaking i seternettverk og setersamlinger, i medlemsblad og web. En vil også vurdere ringvirkninger og utviklingspotensial. Andre ringvirkninger knytta til økonomi og miljø, med bakgrunn i at bærekraftig utvikling skal bygge på både sosiale, miljømessige og økonomiske verdier. Det er naturlig å tenke ringvirkninger innenfor foredling, salg av opplevelser, økt biomangfold, økt kunnskap, økt bærekraft med mer.



Kyrne ut på beite på Langsetra i Tynset. Foto: Karin og Olav Østgård.



Kyrne beiter på seterkveene på Sotasetra i Skjåk. Foto: Jostein Sande.

Aktuelle kompetansemiljø - samarbeidspartnere

Det er viktig at Norsk seterkultur som frivillig organisasjon knytter til seg rådgivende institusjoner. Det er tatt kontakt med Norsk Håndverksinstitutt som er akkreditert av Unesco. Andre aktuelle er Norsk institutt for bunad og folkedrakt (Valdres), samt forskningsmiljø som NIBIO Bioforsk og Fjell-forsk-nett. Av frivillige organisasjoner er Norsk gardsost, Norges husflidslag, Norges Bygdekvinnelag (også akkreditert av UNESCO) og faglagene Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. På svensk side Svensk Fäbodkultur.

Prosjektorganisering

Norsk seterkultur står som prosjekteier og vil enten ansette en prosjektleder eller leie prosjektledertjeneste etter pris og kompetanse. Styret og sekretariatet i Norsk seter-

kultur er styringsgruppe for prosjektet. Videre er det tenkt organisert arbeidsgrupper for ulike temaer og ei referansegruppe bestående av utøvere og institusjoner. De siste skal bistå med info og presentasjoner, nasjonale og internasjonale kontakter.

Avgrensning i tema og geografi

Tema er avgrenset til seterkultur som høstingskultur, med all kunnskap og tilhørende tradisjon.

Geografisk: Seterkulturen er basert på et globalt grunnprinsipp, høstingskultur. I Norge har det vært seterdrift i de fleste fjellområder med grasproduksjon. Det er oppretta kontakt med norske representanter i Euromontana og Fjellnettverket for å undersøke relevans av Europeisk samarbeid. Konklusjonen er at natur og klima gir mye av premissene for kunnskapen, og at samspillet menneske – dyr – natur og materialtilgang er typisk nordisk og kan avgrenses til Norden. Prosjektet er derfor avgrenset til en nordisk tradisjon. Det er lite seterdrift i andre nordiske land, men i Sverige er det fremdeles aktive seterbrukere. Mangeårig kontakt med Svensk Fäbodkultur gir grunnlag for norsk-svensk samarbeid også om dette

Hovedmålet

Hovedmålet med å få UNESCO-status er å gi økt fokus og kraft til seterkulturen. En slik status vil i større grad kunne forplikte ulike departementer til oppfølging. Seterdrift er i utgangspunktet landbruk og næring, men det involverer opplagt fleire departementer, ikkje minst kultur og miljø. Seterkulturen er viktig fordi den forvalter mange verdier som er viktige for felleskapet, både innenfor materiell og immateriell kulturarv, biologiske verdier, opplevelsesverdier og matkvalitet. Vi har som utgangspunkt at en UNESCO-staus for seterkulturen vil gi ringvirkninger. Med en slik status vil flere sektorer kunne implementere seterkulturen i sitt virkeområde, og dette vil kunne gi flere aktiviteter, økt næringsutvikling, økt kunnskap om håndverk, musikk og tradisjon, og bærekraft. Økt seterdrift vil kunne gi økt attraksjonsverdi for reiselivet.



Seterkulturen er meir enn ku, geit og ysting. Petra Mogensen, svensk budeie i norske fjell- og folkemusikar som finn inspirasjon i seterlivet.

BERESYSTEM I ELDERE NORSKE HUS

3. utgåve



Nyttig bok om gamle byggjeteknikkar

"Det finst mange kvite flekkar på det bygningshistoriske kartet over Noreg. Denne boka tek for seg reiste konstruksjonar over eit tidsspenn på nesten 900 år. Med dette blir det farge på denne viktige delen av byggjeskikken vår", les vi i boka "Beresystem i eldre norske hus" som kom ut i 3. og utvida utgåve i 2018. "Grunnlaget for framstillinga ligg i ein omfattande dokumentasjon av ståande byggverk kombinert med aktiv utøving rettleidd av tradisjonsberarar".

Forfatarane har lært seg arbeidsmåtar ved å byggje ulike slags hus saman med eldre handverkarar. "Vi vågar å kalle desse dei siste representantane for ein lang tradisjon" - Boka er resultat av mange års samling og dokumentasjonsarbeid for Norsk handverksinstitutt (tidlegare Handverksregisteret). For alle med interesse for eldre bygningar, vøling og nybygg i gamal teknikk er dette ei svært nyttig bok. Med bakgrunn i dokumentasjonsprosjekt og innhenting av kunnskap frå tradisjonsberarar har forfatarane gitt oss ei bok der teknikkar og arbeidsmåtar er skildra i ei munnleg form, og ei mengd teikningar og foto gjer framstillinga forståeleg også for "amatørar".

Skildringa av ymse eldre byggjeskikkar omfattar sjølsagt mykje frå bygningar knytt til gardsdrift, utmarksnæring og seterdrift, og såleis kan boka absolutt vera nyttig for alle som ynskjer å restaurere stølshus – eller byggje nytt etter gammal skikk. Rundt om på stølane våre finn vi titusentals hus som treng vøling, og mange byr på byggjemåtar som går langt attende i tid og som fortener å bli tekne vare på.

Eldre teknikkar kan også vidareførast i nye bygg. Boka har fylldig litteraturliste og stikkordregister. Forfatarar er Jon Bojer Godal, Steinar Moldal, Trond Oalann og Embret Sandbakken. Boka er utgjeve på Fagbokforlaget.

Frå prosjekt til organisasjon

Framhald frå side 7

Sidan har mange hatt tillitsverv i NSK, og leiarar har vore: Jostein Sande 1999-2006, Geir Grosberg 2006-2007, Stein Brubæk 2007-2009, Mari Søbstad Amundsen 2009-2011, Katharina Sparstad 2011-2014 og Hans Bondal frå 2014. Den årlege fagsamlinga og årsmøtet har vore arrangert på Merket (Nord-Aurdal, Valdres), Dovre, Oppdal, Øyer, Vingelen, Oslo, Sigdal, Brekken (Røros), Espedalen (Sør-Fron), Stjørdal, Halne Fjellstugu, Hardangervidda (Eidfjord), Brøttum (Ringsaker), Røros, Fagernes, Bø i Telemark, Skjetlein (Trondheim), Gardermoen, Dombås, Brimi sæter (Lom) og Gol. Med årets samling på Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland er på ein måte ”ringen slutta”, vi er attende på ein landbruksskule med aktiv stølsdrift!

Samarbeid, fagleg påfyll og inspirasjon

Seterbrukaren og nettsida www.seterkultur.no (i funksjon sidan vinteren 2000) har presentert ei rekkje fagartiklar og omtalar av praktisk seterdrift. Det siste omfattar også reportasjar frå Sverige, Sveits, Austerrike og Italia. NSK var med i arbeidet med å utvikle ein nettbasert Seterveileder, og fekk i oppdrag å vidareføre og oppdatere denne. (Den ligg på www.seterkultur.no). Åleine og i samarbeid med bl.a. Norges Vel, FMLA i fleire fylke, Norsk Gardsost, NIBIO og Hanen har NSK arrangert ei rekkje seminar og konferansar. Mest deltakarar samla konferansen på Fagernes i mai 2012. Organisasjonen var også engasjert i Fjellåret 2002 og Friluftsåret 2005. Internasjonalt har NSK hatt jamn kontakt og samarbeid med svenske fäbods-brukarar, og medlemskap i Euromontana har innebore representasjon på større internasjonale arrangement. Deltaking i fleire prosjekt, bl.a. interreg-prosjekt, må også nemnast.

Bladet og nettsida har sjølvsagt vore bruka som ledd i organisasjonsarbeidet, men mest for å inspirere til å satse på stølsdrifta. Det har naturleg vore ein del historisk stoff, men mest omtalar av framtidretta arrangement og prosjekt, og ikkje minst seterreportasjar som viser mulegheitene og dei gode eksempla. Eit tilbakeblikk i Seterbrukaren viser at mange har vore innom seminar og konferansar i regi av NSK på vegen mot utvikling av setrene sine. NSK har også vore ein formidlar av kunnskap og kompetanse i det daglege arbeidet, sendt spørsmål og utfordringar vidare til institusjonar og fagfolk som har stilt opp.

Politikk

Det er i første rekkje dei små og mellomstore mjølkeproduksjonsbruka som setrar, som treng setra! Såleis har det vore ei sentral oppgåve for NSK å kjempe for rammevilkåra for denne delen av landbruket. - Det har vore mykje positiv fokus på beitebruk, biologisk mangfald og kulturlandskap, matvarekvalitet og lokal foredling gjennom desse 20 åra. Mykje bra har skjedd! Men samstundes har det vore ei kontinuerleg strukturrasjonalisering og nedlegging av gardsbruk med mjølkeproduksjon, og i takt med det har seterdrifta naturlegvis gått attende. NSK-styret har sett det som ei hovudoppgåve å påverke politikarane. Organisasjonen har årleg hatt møte med Bondelaget og Småbrukarlaget, levert innspel til jordbruksforhandlingane, og også hatt fleire møte med Landbruks- og mat departementet. Da LMD flytta setertilskotet til den nyoppretta ordninga med regionale miljøprogram (RMP) vart leiaren i NSK henta til Oslo for å kome med innspel i utforminga av instruksen til fylkesmennene. Norsk seterkultur har vore teke på alvor!



Frå NSK-standen på Dyrsku'n i Seljord. Eli og Per Sæther i aksjon.



På Euromontana-konferanse i Bilbao. Over: Siv Beate Eggen ved presentasjonen av NSK. Under: Katharina Sparstad på podiet under konferansen.



Selskapet for Norges Vel delte ut Seterprisen i åra 2001 til 2006. Norsk seterkultur tok opp att Seterprisen i 2017, og første prisvinnar var Brimi sæter i Lom ved Hans og Ola Brimi.



Hans Bondal deler ut Seterprisen 2018 til Stølsnettverket i Hallingdal ved Anne Lise Søndrol, Fagerdalen støl, Trine Lilleslåten, Jakobs plass, Åse Liv Hamarsbøen, Hamarsbøen seter. Kjersti Stenberg, Prestholt geitestøl og Kari Nedremyr, Nedremyrstølen. Foto: Katharina Sparstad.

Seterdrifta er raudlista

Framhald frå side 3

Den gode smaken og synet av fornøgdte dyr er for mange ei god oppleving. For det er ikkje berre dyra som trivst på setra. Mange av dei som driv stølsbedrifter i dag opplever aukande interesse. Folk vil ha dei gode opplevingane. Dei minner oss om noko som kjennes rett, noko sant og ekte. Dei vil sjå nøgde dyr – ikkje berre på kartongen. Og treffe folket og høyre historier om livet her oppe. Seterdrifta er framleis ein del av vår felles identitet. Dette er ein ideell stad for formidling av dei gode verdiane i landbruket. Dyra går fritt og finn sjølv fram til dei beste beita. Budeia veit også at dyra må trivast for at dei skal kome heim om kvelden. Og dyra må vite at dei vert tekne vare på. Seterdrifta er ein pakt mellom menneske, dyr og natur. Gjennom langvaring, kontinuerleg beiting har det utvikla seg spesielle artssamfunn der mange raudlista planter, insekt, fugl og smågnagarar finn si nisje. Sjølv om matproduksjon er det primære, forstår vi at seterdrifta forvaltar fleire ulike verdier. Forvaltninga av fleire fagområde ligg under ulike forvaltningsregimer. Mange opplever at virkemidla ofte ikkje er samstemte, og også verkar mot kvarandre.

I høve til foredling og sal er det store



Gubhagesætra i Finndalen i Lom. Foto: Jostein Sande.

krav til hygiene, produksjonslokale, dokumentasjon og rapportering som krev investeringar og tid. Mattilsynet skal handheve regelverket, og i rolla som kontrollorgan kan det snøgt opplevast som ei barriere for auka verdiskaping. Norsk Gardsost med deira kompetanse har nok mykje av æra for at mange stølsbedrifter framleis er aktive.

Grønt skifte

Vi står no framfor eit naudsynt grønt skifte der alle må ta sin del. I staden for å spore av på ein debatt om tarmgass-utslepp, må vi sjå på korleis vi utnytter ressursane våre, og korleis vi kan redusere dei verkeleg store utslappa. Heile produksjonslina må være miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig i alle ledd. Åkerland skal berre nyttast til produksjon av menneskemat, og soyaproduksjon skal ikkje fortrenge regnskogen. Og langtransport av menneske- og dyremat må avviklast, dersom det grøne skiftet skal

ha eit reelt innhald. Då kan det hende at våre egne beiteressursar får høgare verdi. Mange av bydene våre er omkransa av store område som produserer enorme förverdier. Takka vere sola og fotosyntesen får vi næringsrikt dyrefor på elles lite drivverdige jord. Kva er meir energiøkonomisk, berekraftig og verdiskapande enn å la beitedyra nytte dette?

Dagens seterdrift er spreidd over det meste av landet, men hovudtyngda ligg i Oppland og Hedmark, med Valdres som kjerneområde. Setertilskot gjennom Regionalt Miljøprogram kom i 2005. Vi ser at fylka som har prioritert stølsdrift i forvaltninga har hatt ein svak auke som til dømes i Trøndelag. - Kor mange setre, beitedyr som går på utmarskbeite eller krasa-farne fjøs vi har er opp til ein kvar bonde, men vala den enkelte gjer avheng i stor grad av overordna, politiske mål. Og måla vi set skaper framtida vår!

Mitt Grønne Spatak – på Inner Gammelsetra i Grøvudalen



Av Thea Falck og Ingvild Mungjeld Johannesen

Etter ei ukes telttur i Trollheimen, tras-kende bortover med gnagsår og romlende mage, var synet av en røykstri-me et kjærkomment tegn. Det vitnet om bosetning og sannelig hadde vi rett. Den gamle setra lå der borte i det fjerne, som ei dronning over Grøvudalen. Vel fremme ble vi ønsket velkommen og satt rett til nydekt bord. Der ventet kveldsmat med hjemmebakt brød, brunost kokt på setra og så mye seterrømme vi bare ønsket. Vi var i syvende himmel!

Dette var kun en smakebit på dagene vi hadde i møte. Tidlig morgenen etter ble vi lært opp i fjøsstell, melking, separering av melk, koking av ost, servering til turgåere og masse masse mer. På denne setra var det nok av baller i lufta! Det som er så kult med Inner Gammelsetra i Grøvudalen er at det drives av en ung gjeng ildsjeler, som vil lære kunnskapen om

seterlivet videre til andre unge. Et av deres slagord er "Gamle tradisjoner i unge hender". Det er bra! For denne kunnskapen er så dyrebart at den kan måles i gull.

Fra første dag ble vi dratt med inn i livet som budeier. Gummistøvler, skaut og forkle var uniformen. Dusjen ble byttet ut med et kaldt bad i den krystallklare elva. Festen var gitarspill og vømmelviser foran peisen. De dype samtale ble med den fortrolige bjel-lekua. Slik fløy tiden av gårde og det var lett å venne seg til hverdagen oppe til fjells. Etter 10 dager hadde vi kinna smør, kokt både brunost og gubb, fiska ørret, lagd rømme, kokt rømmegrøt, stekt flatbrød, lokka på kyra og lært hele historien om Grøvudalen. Vi er så glad vi grep sjansen å ble med på Grønt Spatak. Det var virkelig et eventyr! Nå er det to nye budeier her til lands, og de kan ikke se for seg en eneste sommer uten seterliv.

Takk for oss!

Bli med på Grønt Spatak

Hvis du kunne tenke deg å være med på Grønt Spatak, enten som deltaker eller som vertskap, finner du mer info ved å gå inn på www.spatak.no. Ved spørsmål, ta gjerne kontakt med prosjektansvarlig Thea Marie Kvam på spatak@nu.no eller tlf. 986 65 743.

Grønt spatak – erfaringar frå ein seterbrukarar

Grønt Spatak er eit samarbeid mellom Norsk Bonde- og småbrukarlag og Natur og Ungdom. I år feirar ordninga 25 år.



Kråkeroe-staulen Seljord i Telemark.

Grønt Spatak er for ungdom i alderen 16 til 30 år og går ut på at deltakerane bur på og deltek i arbeidet på ein gard eller ein staule i ti dagar ein gong i løpet av sumarmånadane. Vertskapet stiller med kost og losji og bestemmer sjølv kor mange ungdomar dei vil ta imot.

Reiseutgiftene får deltakerane refundera gjennom ordninga, som blant anna er sponsa av Felleskjøpet. Grønt Spatak bidreg til å gje ungdom eit innblikk i og praktisk erfaring med landbruk. Gode samtaler om landbrukspolitik og landbrukets samfunnsoppdrag får ein òg tid til i løpet av dei ti dagane. I år har vi på Kråkeroe-staulen hatt totalt fire spatakistar frå Grønt Spatak fordelt på to omgangar. Vi har fått enormt mykje god hjelp til mjølkning, gjerding,

meieriproduksjon, kulturlandskapsskjøtsel og alt anna ein gjer på ein staule. Alle spatakistane har vore svært pålitelege, dei har vore interesserte og arbeidssame. I tillegg har det vore å ei glede å bli kjent med dei som menneskje. Eg håpar og trur at dei har med seg mange gode minne og erfaringar frå opphaldet hjå oss.

Grønt spatak er ei viktig ordning for å skape positive band mellom landbruket og samfunnet. Etter kvart som det blir færre bønder, og folk blir meir framandgjorte for maten dei et, må vi taka vare på og utvikle dei positive kontaktflatene som finst mellom landbruk og samfunn. Dette er også viktig for å sikre at folk ser verdien av å ha eit vitalt norsk landbruk også i framtida.

Erfaringane våre frå dette fyrste året med

Grønt Spatak er udelte positive og vi kjem til å ta imot spatakistar neste år også. Vi vil oppmode bønder i Telemark til å melde seg som vertskap, og vi vil oppmode ungdom som vil lære meir om landbruket til å melde seg på Grønt Spatak neste år. Alle bønder er velkomne til å melde seg som vertskap uansett om dei er medlem av Småbrukarlaget, Bondelaget, eller om dei er uorganiserte.

Grønt Spatak såg dagens lys i Vinje for snart 26 år sidan. I 2018 var det 19 spatakistar i Telemark, me håpar det blir enda fleire i sommar. Les meir og meld deg på: www.spatak.no.

Sondre Aasan

Mange av våre
produkter
har rot i støls-
kulturen og vi
støttar

Norsk Seterkultur i arbeidet for
denne driftsforma



OLAVSROSA

Kvalitetsmerket
for de beste
kulturarvopplevelser.
Et besøk er et minne
for livet.

“Vern gjennom bruk”



www.olavsrosa.no
www.kulturarv.no